



Innkalling Eldrerådet

Møtedato: 04.08.2020
Møtested: Kommunehuset - kantina
Møtetid: 18:00 - 20:00

Det er ope i kantina frå 17.30 - gå rett inn frå terrassen.

Forfall skal meldast til Servicekontoret t. 56162000/post@austrheim.kommune.no
Varamedlem møter berre etter nærare innkalling

Saksliste

Saksnr	Tittel
007/20	Godkjenning av innkalling og saksliste
008/20	Godkjenning av møteprotokoll
009/20	Eldredagen 2020
010/20	Tilgang til internett på Nordliheimen
011/20	Deltaking på samlingar med fylkeskommunalt eldreråd
012/20	Fagdag om aldersvenleg samfunnsplanlegging
013/20	Orienteringssak

Austrheim 3. august 2020

Gro Vigdis Johannessen
møteleiar

Ketil Tjore
møtesekretær

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
007/20	Eldrerådet	PS	04.08.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	20/4466

Godkjenning av innkalling og saksliste

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

Saksopplysninger:

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
008/20	Eldrerådet	PS	04.08.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	20/4466

Godkjenning av møteprotokoll

Vedlegg:

Protokoll - Eldrerådet - 16.06.2020

Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

Saksopplysninger:



Møteprotokoll Eldrerådet

Møtedato: 16.06.2020
Møtestad: Kantina på kommunehuset
Møtetid: 14:00 - 16:00

Dobbeltmøte saman med Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.

Kommunalsjef for helse, omsorg og frivillige tenester Monika Kvamme vil orientera om tre saker:

- Arbeidet med rullering av eldremeldinga
- Budsjett 2021
- Arbeidet i samband med Korona/Covid 19

Saker som berre er for eldrerådet:

- Konstituering
- Møteplan vidare i 2020
- Val av eit medlem med varamedlem til RMNF
(Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne)

Frammøtte medlemmer	Rolle
Gro Vigdis Johannessen	Medlem
Ivar Bergsvik	Medlem
Idar Johan Hopland	Medlem
Reidar Øksnes	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Rolle
Solveig Hopen	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Rolle
Sigfrid Jorunn Øksnes	Varamedlem

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Ketil Tjore

Austrheim 3. august 2020

Gro Johannessen
møteleiar

Ketil Tjore
møtesekretær

Sakliste

Saknr	Tittel
001/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/20	Godkjenning av møteprotokoll
003/20	Orienteringssak
001/20	Møtegodtgjøring for medlemmer i utvalet
004/20	Konstituering
005/20	Møtekalender hausten 2020
006/20	Val av medlem og varamedlem i RMNF

001/20: Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

16.06.2020 ELDRERÅDET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

ER - 001/20 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vart godkjent

002/20: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

16.06.2020 ELDRERÅDET

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

ER - 002/20 VEDTAK:

Møteprotokoll frå forrige møte vart godkjent

003/20: Orienteringssak

Rådmannen sitt framlegg:

16.06.2020 ELDRERÅDET

Kommunalsjef for helse, omsorg og frivillige tenester Monika Kvamme orienterte om desse sakene:

- Arbeidet med rullering av eldremeldinga
- Budsjett 2021
- Arbeidet i samband med Korona/Covid 19
(Presentasjonen ligg ved møeboka)

ER - 003/20 VEDTAK:

Orienteringane vart teke til vitande.

001/20: Møtegodtgjering for medlemmer i utvalet

Rådmannen sitt framlegg:

Sekretær for rådet orienterte om at medlemmene skal ha ei godtgjering på 300 kroner per møte i 2020 (dette stig til 350 kroner i 2021, og vidare år for år). Leiar har dobbel godtgjering.

Det kjem brev til den enkelte om innsending av kontonummer.
Neste utbetaling vert nærmare nyttår 2020.

Eldrerådet tok orienteringa til vitande.

16.06.2020 ELDRERÅDET

Samrøystes.

ER - 001/20 VEDTAK:

Eldrerådet tok orienteringa til vitande.

004/20: Konstituering

Rådmannen sitt framlegg:

Konstituering skjedde i møtet.
Leiar og nestleiar skal veljast mellom pensjonistmedlemmene.

16.06.2020 ELDRERÅDET

Ivar Bergsvik viste til at han har hatt vervet som leiar tidlegare, i ein fireårsperiode. Han ønskte ikkje å vera leiar eller nestleiar i denne perioden.

Idar Hopland sa at han representerer Neptun-klubben vel så mykje som Ap/kommunestyret. Han har vore leiar av Eldrerådet tidlegare, i perioden fram til no.

Gro Johannessen spurte litt kring dei oppgåvene rådet skal ha. Johannessen sa at ho kunne ta på seg å vera leiar i rådet, men ba om at dei to med leiarerfaring gjerne måtte komma med tilbakemeldingar undervegs.

Solveig Hopen vart fremma som nestleiar.

Samrøystes vedtak om Gro Johannessen som leiar, og Solveig Hopen som nestleiar i denne perioden.

ER - 004/20 VEDTAK:

Gro Johannessen er leiar, og Solveig Hopen nestleiar i denne perioden.

005/20: Møtekalender hausten 2020

Rådmannen sitt framlegg:

16.06.2020 ELDRERÅDET

Eldrerådet skal ha sine møte på tysdagar klokka 18.00. Møta er på kommunehuset, Børilden eller kantina.

Tysdag 1. september - tema eldredagen, med deltaking frå Rigmor Ludvigsen

Tysdag 6. oktober - tema orientering om budsjett og eldremelding, med deltaking frå økonomi/helse

Tysdag 3. november - tema vedtak om budsjett og eldremelding, med deltaking frå økonomi/helse (I etterkant av dette møtet vart det sett opp eit ekstramøte 4. august, for eldredagen).

ER - 005/20 VEDTAK:

Eldrerådet skal ha sine møte på tysdagar klokka 18.00. Møta er på kommunehuset, Børilden eller kantina.

Tysdag 1. september - tema eldredagen, med deltaking frå Rigmor Ludvigsen

Tysdag 6. oktober - tema orientering om budsjett og eldremelding, med deltaking frå økonomi/helse

Tysdag 3. november - tema vedtak om budsjett og eldremelding, med deltaking frå økonomi/helse

006/20: Val av medlem og varamedlem i RMNF

Rådmannen sitt framlegg:

Eldrerådet skal ha ein fast medlem med vara i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF).

Saka vart handsama i møtet.

16.06.2020 ELDRERÅDET

Framlegg til vedtak, samrøystes vedteke:
Ivar Bergsvik fast medlem frå eldrerådet i RMNF.
Gro Johannessen varamedlem frå eldrerådet i RMNF.

ER - 006/20 VEDTAK:

Ivar Bergsvik fast medlem frå eldrerådet i RMNF.
Gro Johannessen varamedlem frå eldrerådet i RMNF.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
009/20	Eldrerådet	PS	04.08.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	20/4466

Eldredagen 2020

Framlegg til vedtak:

Framlegg til vedtak vert fremja i møtet.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Leiar i Eldrerådet, Gro Johannessen, har jobba med planlegging av Eldredagen 2020.

Noko av det som bør diskuterast/avklarast:

- Kvar skal det arrangerast (Seniorsenteret / Samfunnshuset)
- Skal det setjast nedre grense for påmelding med tanke på avvikling
- Skal det setjast ei øvre grense for påmelding
- Skal ein ta atterhald med tanke på Korona-situasjonen

- Med meir.

Konklusjon

Framlegg til vedtak vert fremja i møtet.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
010/20	Eldrerådet	PS	04.08.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	20/4466

Tilgang til internett på Nordliheimen

Vedlegg:

Innspel om tilgang til internett på Nordliheimen

Framlegg til vedtak:

Vedtak vert fremja i møtet.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Leiar i rådet har bedt om at Eldrerådet diskuterer innspelet om tilgang til Internett på Nordliheimen.

Konklusjon

Vedtak vert fremja i møtet.

Tilgang til Internett for beboere på Nordliheimen

- **Det er tungvindt tilgang til Internett** for beboere på Nordliheimen, Nh. For å få nettilgang på iPad / nettbrett, pc eller mobil, må beboer koble seg på *Sing* sitt gjestenett. En må sende forespørsel ved hjelp av mobil og får så tilsendt en sms med engangskode for pålogging. Så langt er det greitt. En kan logge seg på. Problemet er bare at **etter få minutter, 5-10, blir en logget ut** og må gjennom samme prosedyren på nytt. Det gir liten kontinuitet for bruker å bli logget ut flere ganger mens en leser en og samme avisartikkel, eller er midt i kommunikasjon med f.eks. nettbank.
- Internetttilgangen til kontor og betjening på Nh er nok bra, men det hjelper ikke den enkelte beboer på sitt rom.
- Beboere trenger tilgang til **Internett til lydbøker, avislesing, få utført sine banktjenester i nettbanken, ha kontakt med helsenorge.no og nav og andre offentlige instanser**. Da er det lite tjenlig å ha et nettverk der en til stadighet blir frakoblet.
- Ikke alle beboere har nødvendigvis nettbrett, mobil eller pc med seg. Da må **pårørende** ha dette med seg og **ha nettilgang for å kunne hjelpe** beboere når de besøker dem på Nh. Pårørende kan få nettilgang via *Sing gjestenett*, men de møter de samme problemene med stadig avlogging. Dermed blir det vanskelig å hjelpe med f.eks. banktjenester, noe som ofte kan ta litt tid.
- For noen beboere kan det være **fysiske hindringer** som gjør påloggingsprosedyren vanskelig. Problematikk rundt skade i arm eller hånd, ev. synsvansker. Av den grunn må de slippe unødig rot med at de stadig blir logget ut.
- For noen beboere vil god og enkel tilgang til Internett være et **viktig supplement i hverdagen** i det som ellers lett blir ensformige og lange dager på Nh.
- Usikkert hvor mange av beboerne på Nh som har iPad / nettbrett, pc og mobil tilgjengelig. **MEN** - det er iallfall sikkert at **andelen brukere som trenger nettilgang, vil øke**. Alle **60-70-åringene** er vant med en digital hverdag. Dette er **de kommende brukerne / beboerne på Nh**, og mange av dem vil ha stort behov for digital tilgang.
 - Det bør være nettilgang for beboere både på **felles oppholdsrom** og på de **enkelte beboernes rom**.
 - Nettilgang bør det også være i **alle boligene i tilknytning til Nh** som omsorgssenter.
 - Det blir **feil** at beboerne blir avhengig av å ha **pårørende** som til enhver tid kan **ordne opp og finne alternative løsninger**.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
011/20	Eldrerådet	PS	04.08.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	20/4466

Deltaking på samlinger med fylkeskommunalt eldreråd

Vedlegg:

Fylkessamling for dei kommunale råda i Vestland fylkeskommune

Framlegg til vedtak:

Eldrerådet tar stilling til kven som skal delta på samlingane.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Vestland fylkeskommune, FFO-Vestland, RMNF-Vestland og Fylkeseldrerådet inviterer til to digitale samlinger og opplæringsdagar hausten 2020.

Invitasjon gjeld dei kommunale råda for menneske med nedsett funksjonsevne, eldreråda (eventuelt fellesråda), sekretariat for råda og administrativ leiing.

Samlingane finn stad fredag 4. september og fredag 2. oktober, begge dagar 10:00 – 14:00.

Dette er digitale samlinger. Møtesekretæren legg til rette for oppkopling i kantina, saman med RMNF i Austrheim.

Konklusjon

Eldrerådet tar stilling til kven som skal delta på samlingane.

Fylkessamling for dei kommunale råda i Vestland – 04.09 og 02.10

Vestland fylkeskommune, RMNF-Vestland, Fylkeseldrerådet og FFO Vestland inviterer til digitale samlingar og opplæring for dei kommunale eldreråda, råda for menneske med nedsett funksjonsevne og fellesråda.

Samlingane vil gje opplæring i råda sine mandat og rolle, og ta føre seg tema som relevante forskrift og lovverk, universell utforming og samfunnsutvikling. Deltakar bør halde av tid for begge samlingane då dei har ulike tema.

Detaljert innhald og program for dagane kjem så snart dei er klare.

Målet med opplæringa vil vere å gi auka kompetanse og kunnskap i rolla som kommunalt rådsmedlem, og å styrke både samarbeid og nettverk i og mellom råda i Vestland.

Tid og sted:

Dato: Fredag 04. september og fredag 02. oktober.

Tid: Begge dagane kl. 10:00 – 14:00.

Samlingane arrangerast digitalt. Påmeldte deltakarar vil få invitasjon til videomøte. Vi oppmodar kvar kommune/råd om å delta på webinar saman då vi vil leggje opp til gruppediskusjonar i løpet av samlinga.

Kven kan delta?

Råda for menneske med nedsett funksjonsevne og eldreråda i kommunane i Vestland fylkeskommune (eventuelt fellesråd) kan delta på samlinga i tillegg til administrativt sekretariat for råda. Vi håper at så mange som mogleg har høve å delta, både rådsmedlemar og varaar. Vi oppfordrar også at administrativ leiing melde seg på til samlingane.

Praktisk informasjon:

Samlinga er gratis å delta på, og vi vil kunne dekke kostnader på inntil kr. 150,- per deltakar til servering. Eventuelle andre kostnader slik som møtegodtgjersle og reise må kommunane sjølv dekke.

Det vil ikkje vere mogleg å gjennomføre årlege fysiske rådskonferansar. For år 2020 vil dette vere einaste fylkessamling for råda. For at ein skal kunne delta på videomøte er det ein del føresetnader som må vere på plass. Vi oppmodar at deltakarar frå dei ulike kommunane finn godt eigna lokale som er tilgjengeleg for alle. I tillegg må det vere følgjande utrustning på møterom for å delta på videomøte:

1. Optimal løysing:

Stort møterom med profesjonelt videostudioutstyr (t.d. frå Cisco eller Poly). Desse løysingane har innebygd [ekkokansellering](#) som sørger for god og tydeleg lyd begge vegar. Det er ein stor fordel om det er to store skjermar/ projektorar i rommet. Då er det ein skjerm til video, og ein til data.

2. God løysing:

Stort møterom med Skype for business/ Teams Room system. Dette er dedikerte system kopla til skjerm eller projektor som kan delta i videomøter. Det er ein stor fordel om det er to store skjermar/ projektorar i rommet. Då er det ein skjerm til video, og ein til data.

3. Budsjettløysing

Om ein ikkje har løysing 1 eller 2 tilgjengeleg kan ein klare seg med PC/Mac på møterom, men då må følgjande krav vere oppfylt:

- a. PC må koplast til ekstern skjerm eller projektor
- b. PC må koplast til ekstern mikrofon

- c. PC må koplatt til eksterne høgtalarar
- d. PC må kunne mutast manuelt når de deltar i møtet (for å unngå ekko og ulydar)

Punkt b) og c) kan løysast ved å kjøpe ekstern høgtalar/mic i ei eining (t.d. Jabra Speak 510/710/810). Dette utstyret kostar nokre få tusen og gir svært god lyd for deltakarar i begge endar.

Kontakt IT-avdeling i eiga kommune for bistand. Dersom dei ikkje har nemnte utstyr i punkt 3 tilgjengeleg vil dette vere ei god investering for kommunen.

Påmelding:

Vi ber om at kommunane melder seg på så snart som mogleg. Vi ønskjer å ha ein hovudkontakt frå kvar kommune som melder seg på som koordinator for dei andre deltakande i kommunen, til dømes sekretariatet for råda. Hovudkontakt vil mellom anna få ansvar å leggje til informasjon om andre deltakarar frå sin kommune, og vil få nettlink med informasjon om pålogging til digital samling.

For påmelding: <https://vlfk.pameldingssystem.no/fylkessamling-for-dei-kommunale-rada-i-vestland#/home>

Frist for å melde seg på samlinga er sett 21.08.20.

Kontakt:

Andreas Ask, Vestland fylkeskommune, andreas.ask@vlfk.no

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
012/20	Eldrerådet	PS	04.08.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	20/4466

Fagdag om aldersvenleg samfunnsplanlegging

Vedlegg:

Invitasjon til fagdag 29. september 2020

Framlegg til vedtak:

Vedtak vert fremja i møtet.

Saksopplysninger:

Bakgrunn

Fylkesmannen i Vestland arrangerer i haust fleire fagdagar om aldersvenleg samfunnsplanlegging. Austrheim kommune er invitert til samlinga som er på Scandic Flesland tysdag 29. september klokka 09.30 til 16.00.

Fylkesmannen skriv i invitasjonen at kvar kommune kan delta med inntil fire deltakarar, mellom anna på grunn av restriksjonane knytte til Korona, men ein kan også delta med fleire. Administrasjonen skal ha med nokre deltakarar, Eldrerådet innstiller på kven og kor mange dei vil ha med.

Konklusjon

Vedtak vert fremja i møtet.



Kommunedirektører/rådmenn i Vestland

Saksbehandlar, Innvalstelefon

Janne Weltzien Listhaug, 5557 2139

Invitasjon til fagdag om aldersvenleg samfunnsplanlegging

Korleis skal vi saman planlegge for framtida, er tema for fagdagane som det regionale støtteapparatet for *Leve heile livet*-reforma inviterer til. Fagdagane planla vi i april, men på grunn av koronasituasjonen arrangerer vi dei i september.

Plan og samarbeid på tvers i kommunane

Fagdagen vil handle om aldersvenleg samfunnsplanlegging, korleis løysingane i *Leve heile livet*-reforma kan utformast i planverk og korleis jobbe på tvers i kommunen. Vi legg opp til arbeidsøktar der kommunane får diskutere eigne utfordringar. Vi oppmodar kommunane om brei deltaking på samlinga, målet er at plan- og helsefolk skal jobbe saman. Sjå vedlegg for program.

Målgruppe

Kommunedirektører/rådmenn, planleggjarar, folkehelserådgjevarar, leiarar i helse- og omsorgstenestene, eldreråd og politikarar.

Påmeldingsinformasjon

Fylkesmannen dekkar dagpakke for fire personar. På grunn av smittevernomsyn ber vi om at de innanfor målgruppa ikkje melder på fleire enn fire frå dykkar kommune. Om det er ønskeleg med fleire, send oss ein e-post. Det er bindande påmelding, men vi ber alle følge smittevernråda og halde seg heime ved symptom på luftvegsinfeksjon. Fylkesmannen dekkar køyregodtgjersle i eigen bil for medlem i eldreråd, dersom dette er ein av dei fire påmelde frå di kommune. Eventuelle andre utgifter til reise og overnatting må deltakarane ordne og betale sjølve.

For å kunne drive eventuell smittesporing, treng vi og hotella følgjande informasjon om deltakarane: namn, e-postadresse og telefonnummer. Det er også fint om de spesifiserer kva rolle dei påmelde har.

Send samla påmeldingsinformasjon frå di kommune til jawli@fylkesmannen.no innan 15. august for samlingane på Nordfjordeid og i Sogndal, og innan 20. august for samlingane i Bergen og på Stord.



Tid, stad og kommuneinndeling

På grunn av smittevernomsyn og hotellkapasitet vil vi be om at følgjande kommunane melder seg på følgjande stader lista opp under. Om tid og stad er problematisk, send oss ein e-post.

- **Nordfjordeid 15. september, 09.30-16.00, Nordfjord hotell:** Stad, Kinn, Bremanger, Gloppen, Stryn, Sunnfjord, Askvoll
- **Sogndal 16. september, 09.30-16.00, Quality Hotel Sogndal:** Luster, Sogndal, Årdal, Lærdal, Aurland, Vik, Høyanger, Hyllestad, Fjaler, Solund, Gulen
- **Bergen 29. september, 09.30-16.00, Scandic Flesland:** Fedje, Austrheim, Alver, Askøy, Masfjorden, Øygarden, Osterøy, Bergen, Samnanger, Voss, Kvam, Ulvik, Eidfjord, Modalen, Vaksdal
- **Stord 30. september, 09.30-16.00, Stord hotell:** Austevoll, Bømlo, Stord, Fitjar, Etne, Kvinnherad, Tysnes, Sveio, Ullensvang, Bjørnafjorden

Kva gjer vi ved lokale smitteutbrot?

Fagdagane blir gjennomført som webinar dersom situasjonen kring korona tilseier dette. Hotella følgjer smittevernomsyn og vi skal kunne halde fagdagane med tilrådde ein meters avstand. Vi ber om at deltakarane følgjer råda frå myndigheitene, og held seg heime ved luftvegssymptom.

Kontaktperson i kommunane

Det regionale støtteapparatet ønsker ein kontaktperson for arbeidet med *Leve heile livet*-reforma i kvar kommunane. Vi ber om at de melder tilbake til Fylkesmannen i Vestland kven som er kontaktperson i din kommune. Send namn og kontaktinformasjon på denne kontaktpersonen saman med påmeldinga til fagdagane til jawli@fylkesmannen.no.

Leve heile livet-reforma

Reforma legg i denne fasen (2020-2021) opp til at kommunane skal kartlegge eigne behov og utfordringar, tilpasse og innarbeide tiltak i planverk. Det blir også lagt opp til at kommunane skal behandle og vedta korleis reforma sine løysingar skal innarbeidast lokalt. Det regionale støtteapparatet skal hjelpe kommunane i arbeidet med å gjennomføre reforma lokalt. Støtteapparatet består av Fylkesmannen i Vestland, KS, Senter for omsorgsforskning, USHT, Fylkeseldrerådet og Vestland fylkeskommune.

Med helsing

Åse Vaag
fagdirektør

Janne Weltzien Listhaug
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg: Program for fagdagane



Fagdag om aldersvenleg samfunnsplanlegging

15. september Nordfjordeid (Nordfjord hotell)
16. september Sogndal (Quality Hotel Sogndal)
29. september Flesland (Scandic Flesland Airport)
30. september Stord (Stord hotell)

09.00 til 09.30	Registrering
09.30 til 09.45	Velkomen Åse Vaag, fagdirektør Fylkesmannen i Vestland
09.45 til 10.30	Leve heile livet - fase 2, om planlegging, planprosessar og støtteverktøy Bente Kne Haugdahl, Helsedirektoratet
10.30 til 11.00	Korleis involvere tverrsektorielt for å planlegge for eit aldersvennleg samfunn - gode eksempel Kent G. Dagsland Håkull, avdelingsleiar plan Haugesund kommune
11.00 til 11.15	Pause
11.15 til 11.45	Arbeidsøkt: Plan
11.45 til 12.00	Oppsummering arbeidsøkt
12.00 til 13.00	Lunsj
13.00 til 13.30	Medverknad i lokalt folkehelsearbeid Randi Bergem, dekan Høgskulen i Volda Rita Agdal, fagseksjonsleiar Høgskulen på Vestlandet
13.30 til 14.00	Kunnskapsoppsummeringar frå Senter for omsorgsforskning; Aldersvenlege samfunn og omgjevnader Medverknad i styring og leiing Frode Fadnes Jacobsen, forskingsleiar Liv Jorunn Solstad, leiar for omsorgsteknologilaboratoriet
14.00 til 14.30	Korleis jobbe med folkehelse på tvers av sektorar i kommunen? Tove Vikanes Agdestein, folkehelsekoordinator Stord kommune
14.30 til 14.45	Pause
14.45 til 15.15	Arbeidsøkt: Samarbeid på tvers i kommunane
15.15 til 15.30	Oppsummering arbeidsøkt
15.30 til 16.00	Avrunding og vegen vidare

Vi tek atterhald om endringar i programmet.

Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
013/20	Eldrerådet	PS	04.08.2020

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Ketil Tjore	FE-033	20/4466

Orienteringssak

Framlegg til vedtak:

Saksopplysninger: